Rogaland fylkeskommune

Seksjon for kulturarv

Karmøy kommune
Statsråd Vinjesgate 25
4250 KOPERVIK

Dykkar referanse:

Dato: **11.08.2020**
Saksnr.: **2020/51599**
Dok.nr.: **8**
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 22 bnr 212 m.fl - detaljreguleringplan - fritidsbustader og naust - Kong Ferking - plan 1027 - ny høyring - uttale vedrørande automatisk freda kulturminne

Fylkesrådmannen viser til tidlegare korrespondanse i saka. Denne uttalen gjeld leikeplassen og forholdet til automatisk freda kulturminne, her Ferkingstad gamle kyrkjestad.

Det er positivt at forslagsstillar har teke inn ordlyden om at «det må tas tilbørlig hensyn til Ferkingstad gamle kirkested ved utforming av lekeplassen» i planføresegnene (§18). I brev herfra datert 02.11.2018 kom vi i tillegg med eit utfyllande forslag til bestemming:

Lekestativene må tilpasses omgivelsene og ikke ha en dominerende og skjemmende effekt på middelalderkirkestedet. Lekeapparatene bør fortrinnsvis være i tre og i nøytrale farger. Forslag til utforming av lekeplass skal oversendes regional kulturminnemyndighet for vurdering i forkant av oppstart av tiltak.

Fylkesrådmannen ber om at dette blir teke med i føresegnene, §18, o_LEK1.

Vi vil elles gjere merksame på at sjølv om det i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i området som vert omfatta av tiltaket, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks varslast om til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert funnet, jfr Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Det kjem eige brev frå Regionalplanavdelinga i Rogaland fylkeskommune.

Helsing
Leif Håvard Lundø Vikshåland
leder (adm)

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi til:
Fylkesmannen i Rogaland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent. Oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.